

## FORSLAG TIL VEDTAK

### SAK 3 - Regjeringa sin fiskeripolitikk

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tek statssekretær i Nærings- og fiskeridepartementet Kristina Hansen sitt innlegg til orientering

Årsmøtet konstaterer at det er brei politisk einigheit om å vidareføre havressurslova, deltakarlova og fiskesalslagslova, og at regjeringa òg er tydeleg på dette.

Årsmøtet meiner det er positivt at kvotemeldinga endeleg blei ferdig.

Årsmøtet er uroa over at både Havforskningsinstituttet og Kystvakta slit med låge budsjett, og at dette fører til færre toktdøgn, dårlegare forskning og dårlegare tryggleik for fiskarane på havet.

Årsmøtet meiner at regjeringa bør sikra at det blir gjort gytetokt på lodde kvart år.

I kystgruppa er loddefiskeriet ope. Det fører til årlege loddtrekkingar, og det er ikkje krav om at fartøy må vera egna og utrusta for å delta i trekningane. Dette fører til at det er vanskeleg for fiskarane å planlegga drifta, og lottinntekter er avhengig av loddtrekkingar. Årsmøtet meiner at loddefiskeriet burde vore lukka for fleire år sidan, og at årlege lodd-trekning er ueheldig. Inntil loddefiskeriet blir lukka er det meir rettferdig med ei rullerande trekninglista. Dette slik som for havbrisling.

Snøkrabbefiskeriet blir lukka i år, men burde vore lukka tidlegare. Det hastar med å få avklart korleis snøkrabbefiskeriet blir lukka. Dette for at fiskarane skal kunne planlegga neste års drift.

Under årets snøkrabbefiskeri meldte fiskarane om store mengder snøkrabbe, og krabbe i område der det ikkje tidlegare er observert snøkrabbe. Årsmøtet meiner difor at det bør forskast meir på utbreiing, og storleiken, på bestanden av snøkrabbe.

Årsmøtet meiner at produksjon av mat må har forrang ved konkurranse om areal på havet. Myndigheitene må lytta på Havforskningsinstituttet når instituttet rår frå bygging av vindturbinar.

Fiskeri må såleis prioriterast høgare enn gruvedrift og vindturbinar. Det bør lagast konkrete arealplanar for norske havområde, slik som for areal på land. Dette for å unngå bandlegging av areal bit for bit. Myndigheitene bør òg gjera meir for å unngå seismikkskyting i fiskefelt i fiskesesongar.

Årsmøtet konstaterer at mengda av sjøpattedyr har blitt så stor at det fører til svært stort uttak av fisk. Uttak som er fleire gangar så stort som summen av all fiska fisk i Nord-Atlanteren. Det er òg eit vesentleg problem at sjøpattedyr øydelegg bruk. Øydeleggingar som fører til kostnader, og mindre effektivt fiskeri. Årsmøtet meiner at myndigheitene må vurdere fangst på berekraftige bestandar av sjøpattedyr.

Årsmøtet forventer at myndighetene gir forhandlinger med nabolanda Noreg deler fiskebestandar med høg prioritet. Gode avtalar er viktig for effektivt fiskeri, økonomi, drivstofforbruk, klimaavtrykk, og verdiskaping.